

Behovsanalyse i samband med valnemnda sitt arbeid med rekruttering- og innstilling til styre i Amnesty International Norge hausten 2014.

Amnesty International og Amnesty International Norge

Amnesty International er den største menneskerettsorganisasjonen i verda, med over 3 millionar støttespelarar, medlemmar og aktivistar. Den norske seksjonen har om lag 108 000 medlemmar og aktive støttespelarar. Av desse er om lag 56 000 medlemmar med fulle demokratiske rettigheter i organisasjonen. Vidare har den norske seksjonen rundt 35 tilsette, fordelt på eit hovudkontor og fem regionkontor. I 2013 hadde den norske seksjonen inntekter på i underkant av 70 millionar kroner. Amnesty tek av prinsipielle årsaker ikkje imot statsstøtte.

Oppgåver for styret i Amnesty International Norge.

Styret er det øvste organet i Amnesty International Norge mellom to landsmøte, og har dermed det overordna ansvaret for all aktivitet i den norske seksjonen. Dette inneber at styret må ha kompetanse til å handtere spørsmål knytt til menneskerettspolitik og -strategi, organisasjon og økonomi. Styret må ha kompetanse og kapasitet til sjølv å fastsetje planar, strategiar, budsjett m.m., og til å føre tilsyn med korleis slike vedtak vert følgde opp i sekretariatet og andre delar av rørsla. Styret må vidare ha god kjennskap til det frivillige arbeidet i seksjonen, og vere i stand til å kommunisere godt med medlemmane. Styret må også ha kompetanse til å forvalte arbeidsgiveransvaret for generalsekretæren og det overordna ansvaret for arbeidstilhøva for dei andre tilsette i den norske seksjonen. Det er også ein fordel om styremedlemmar har nettverk og kontaktar som kan bidra til å styrke Amnesty si emne til å påverke politiske og andre prosessar i Noreg.

Det norske styret representerer den norske seksjonen i ei rekkje organ og prosesser i den globale delen av Amnesty-rørsla. Mellom anna oppnemner styret dei norske representantane til det internasjonale rådsrådet (International Council Meeting – ICM), og det er også naturleg at fleire av dei som vert utpeika er frå styret. Styret deltar også i handsaminga av ei rekkje løpande, globale prosessar knytt til spørsmål om menneskerettar, organisasjon og økonomi. Styret må ha fagleg kompetanse, språkkunnskap og kapasitet til å delta i desse prosessane.

Aktuelle oppgåver i komande styreperiode.

På ICM i 2015 skal det fastsetjast nye strategiske mål for Amnesty globalt. I kjølvatnet av denne prosessen, skal landsmøtet i 2016 fastsetje ny strategi for den norske seksjonen. ICM i 2015 skal også handsame fleire saker som gjelder demokratiet i- og organiseringa av Amnesty – både på nasjonalt og globalt nivå. Eit tredje tema, som allereie er sentralt i store delar av den globale rørsla, er Amnesty sitt arbeid med inntektsskaping («fundraising»).

Det norske styret har i denne styreperioden vore opptatt av å legge forholda betre til rette for dei mest aktive medlemmane og støttespelarane i den norske seksjonen. Valnemnda legg til grunn at dette arbeidet vil halde fram i den neste styreperioden.

Mangfold er ein heilt sentral verdi i Amnesty-rørsla. Samansetjinga av det norske styret skal reflektere dette.

Krav valnemnda vil leggje vekt på i arbeidet med framlegg til styre:

Valnemnda vil leggje vekt på erfarings- og kompetansebehov for eit samla styre. Dvs at ein styremedlem treng ikkje ha all kompetanse, men samla styre bør ha erfaring og kompetanse som vi etterspør under.

Likestilling og mangfold:

God fordeling i og mellom:

Kjønn

Alder

Landsdelar/fylke

Andre personlege egenskapar som representerer mangfoldet i Norge.

Erfaring og kompetanse som trengs i styret i Amnesty International Norge no:

Amnestyerfaring – frå lokale, nasjonale og internasjonale oppgåver.

Menneskerettskunnskap – både med juridisk vinkling og frå etisk/filosofisk synsstad.

Erfaring med menneskerettsbrot og menneskerettsarbeid.

Erfaring frå andre medlemsbaserte organisasjonar – lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Styrearbeid: vi ser særleg etter erfaring frå nasjonale styre i medlemsbaserte organisasjonar.

Økonomistyring – gjerne på nasjonalt nivå i medlemsbaserte organisasjonar.

Marknadsføring –gjerne på nasjonalt nivå i medlemsbaserte organisasjonar, eller frå større bedrifter eller offentlege organisasjonar.

Erfaring med innsamling/fundraising i større medlemsbaserte organisasjonar.

Nettverk som kan bidra til å gjere Amnesty synleg internasjonalt og nasjonalt.

Strategiutvikling: frå medlemsbaserte organisasjonar eller større bedrifter/offentlege organisasjonar.

Erfaring med- og evne til å setje seg inn i store saksmengder på kort tid.

Språkkunnskap